



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 16

Telefaks 53 43 70 11

Hordaland Fylkeskommune

25 JUN 2015

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

UGGDAL, 23.06.15

| <i>Saksnr.</i> | <i>Dok.nr</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Avd/Sek/Saksh</i> | <i>Dykkar ref.</i> |
|----------------|---------------|------------------|----------------------|--------------------|
| 12/1090-33 | 4318/15 | 561 | FSK/FEL/AUHO/esl | |

E 39 - TRASÉVAL - UTTALE TIL PLANPROGRAM

Me viser til Dykkar sending 18.05.15.

Tysnes kommunestyre hadde saka føre i møte 16. d.m., og det vart gjort følgjande vedtak:

«Tysnes kommune er av den oppfatning av at planprogrammet gjev den vidare planprosessen ein god og føreseieleg prosess.

Nærare om dei ulike alternativa:

Nærare om dei ulike alternativa:

Tysnes kommune sitt standpunkt er at me ønskjer ei kryssing i Langenuen ved Hodnanes.

Tysnes kommune legg vekt på det unike natur og friluftsområde i Bårdsundet, eit område med høg regional og nasjonal verdi, dette område kan berre løysast gjennom seinketunnel. I denne samanheng stiller kommunen seg svært positiv til at det nordlege alternativet no er endeleg forkasta og at SVV ikkje nyttar vidare tid til planlegging av dette alternativet.

Tysnes kommune ber om at alternativa som har kryssing i sør på Langenuen vert vurdert vidare i samband med konsekvensutgreiing, jamfør alternativ F og D. Tysnes kommune ser ikkje behov for å gå vidare å gjera KU for alternativ med midtre kryssing av Langenuen. Tysnes kommune legg i denne samanheng vekt på at for mange alternativ vil kunna forseinka framdrifta i det vidare arbeidet med å koma fram til eit endeleg planframlegg. Tysnes kommune meiner også at ei sørleg kryssing av Langenuen gjev ein god balanse mellom vekst og vern på Tysnes og elles stor regional nytteverdi.

Tysnes kommune vil også peika på at kryssplassering med tre kryss i dei sørlege alternativa vil gje ei god påkopling for Tysnes og også leggja til rette for gode tverrsamband både opp mot ei indre påkopling til E39, men også gjera det mogleg å få ei

sørleg tilkopling for Kvinnherad. Tysnes kommune er også positive til at kryssplasseringane som er vist vil gjera ei framtidig påkopling mot Austevoll mogleg.

Dersom SVV likevel vel å gå vidare med ei midtre kryssing av Langnuen som vist i alternativ B og E vil Tysnes kommune delta i vidare prosessar her for å sikra ei best mogleg realisering.

Nærare om konsekvensutgreiinga.


Tysnes kommune meiner at dei tema som er skildra under kap. 8 i planprogrammet fullt ut ivareteke krav til konsekvensutgreiing. Tysnes kommune kan ikkje sjå at det er andre tilhøve som bør takast med i konsekvensutgreiinga enn det som er lagt inn i planprogrammet.

Tysnes kommune er svært positiv til at det i arbeidet med ROS analyse også skal takast stilling til omkøyringsalternativ for E39, me vurderer dette som viktig for å ivareta ein god trafikktryggleik og nullvisjonen!

Tysnes kommune vil avslutningsvis be om at det i prosessen vert lagt vekt på god framdrift og at det fortløpande vert vurdert grep som kan korta inn tida frå planstart til bygging!»

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann


Audun Hovland
seniorrådgjevar

Kopi: Statens vegvesen Region vest, (Askedalen 4, 6863 Leikanger)
Hordaland fylkeskommune (Postboks 7900, 5020 Bergen)